



Tysseland Arkitektur AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2999 - 19/22550

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

01.11.2019

Godkjenning - Igangsettingsløyve for delar av tiltaket grunn-, betong- og terrengarbeid hus 03- gbnr 22/166, 173

Administrativt vedtak. Saknr: 266/2019

Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS

Ansvarleg søkjar: Tysseland Arkitektur AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av delar av tiltaket – grunn-, betong- og og terrengarbeid for blokkbebyggelse hus 03 med 7 bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka på gbnr 22/166,173.

Kommunen har i vedtak DS 27/2017 sak 16/2999 av 03.02.17 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.10.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den vart motteken.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det følger av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Sistnemnde «*kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.*»

Vatn og avlaup:

Det skal søkjast om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget i neste del søknaden om igangsetting.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 29.10.19. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av grunn-, betong- og terrengarbeid på blokk 03 i felt B24 i Mjåtveitmarka, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 29.10.19 på vilkår:

- 1. Det skal søkjast om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget seinast samstundes ved neste del søknad om igangsetting.*
- 2. Alle vilkår i rammeløyve skal stettast.*

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntakt.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan journalført 29.10.19.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert

kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om ingangsettingstillatelse GBNR 22/166 hus 03
Søk IG hus 3

Kopi til:

Mjåtveitmarka B16 AS

c/o Tysseland
arkitektur AS
Valkendorfs-gaten
9

5012

BERGEN

Mottakarar:

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19

5013

BERGEN